

# Gjennomføring av anbud i bilcross

Pga. av Covid-19 blir gjennomføringa av anbuda i bilcross litt annleis enn vanleg.

- Innlevering av anbud skjer som tidlegare i klubbrommet ein til vanleg har innsjekk
- Anbudsgivar skal ikkje ha med anbudskonvoluttar eller få kjøpa anbudskonvoluttar
- Husk å halda avstand i køen. Alle som kjem innan fristen skal få gi anbud.
- Hald og vanleg avstand til funksjonæren som tar i mot anbuda.
- Anbudskonvolutten skal fyllast ut av arrangøren etter opplysning fra anbudsgivar. Ta gjerne med lapp om kva startnr. du vil gi anbud på, antall bud, førars navn og eige navn/adresse så kan det skje meir diskret.
- Betalinga av anbudsgebyret skjer til arrangøren med bankkort eller via Vipps #95946
- Anbudsgivar kan ta bilde av «sine bud» som kvittering
- Det skal **ikkje** leggjast kontanter i anbudskonvolutten
- Anbuda blir lest opp på vanleg måte i samband med trekninga slik at alle vert forsikra om at alle anbud er med i trekninga
- Anbudsgivar må kunna betala anbudssummen via Vipps når trekninga er vunnen. Betalinga vert overvåka av juryen.
- Kan ikkje vinnaren av budrunden betala, vil det bli gjennomført ny trekning utan hans bud
- Selgjar demonterer personleg utstyr, og det er kjøpars ansvar å sørgje for overflatedesinfisering. Bruk evt. eingongsutstyr.